



PEDER FYLLING

Då Moltke Moe i 1882 søkte Stortinget om stipend til innsamling av norske folkeminne, skreiv han: «Paa den glimrende begyndelse, hvormed det norske innsamlingsarbeide blev innledet af Asbjørnsen, Jørgen Moe, Landstad, Sophus Bugge, har der fulgt en lang tids stilhed, kun afbrudt ved faa og oftest svage livstegn». Ein av dei som i denne mellombolken gjorde eit trufast og godt arbeid, var sunnmøringen Peder Fylling.

Peder Carolus Jonsen Fylling var fødd 26de september 1818 på garden Fylling i Skodje sokn i Borgund på Sunnmøre. Faren hadde vori lærar («skoleholder») ei tid før han kjøpte Fylling og vart bonde. Han hadde historiske interesser, og om vinter-kveldane las han tidt høgt m. a. or Peder Claussons Snorre for huslyden. Såleis vart hugen til sogelesnad vekt hjå den unge Peder; han fekk lånt seg bøker og las heller mykje. Han var heime på garden til han var 22 år gamal. Då var han ei tid på den faste skulen på Ørskog for å læra seg opp til «skoleholder» liksom faren. Men det vart ikkje noko av. Det ser ut til at han ikkje har hatt retteleg hug til læraryrket, og han kjende seg, som han sjølv seier, «ligesom hindret i at fortsætte mit Yndlingsstudium, nemlig at gjøre mig bekjendt med Fædrelandets Historie og Mindesmærker». Han hadde vori veikhelsa frå han var liten, og då han var 25 år gamal, fekk han ein farleg magesjukdom. I fleire år kunne han no ikkje driva med kroppsarbeid. Så mykje meir tid vart det til lesing og skiving, og det heldt han trottig på med — endå det hende at han var så veik at han tolde ikkje det heller. Han var eldste son og hadde •odelsrett til garden, men let broren få alt. Han skilde seg berre «Ret til Hus, Føderaad og Pleie for Livs-tid, for at jeg desbedre kunde vandre efter mit Hjertes Hu og anstille Undersøgelser i Sagnets og Historiens Spor».

Så levde han då livet sitt som «privatlærd» kan ein seia. Han var ugift og noko fast yrke hadde han ikkje, berre ymse kommunale ombod, m. a. heradskasserar i 10 år. Han døydde 3dje november 1890.

Ei meir utførleg livsskildring av han har Jørgen Gjerding gjevi i Tidskrift for Sunnmøre historiske lag 1923-24. Or denne artikkelen er fleire av opplysningane ovanfor tekne. Då Fylling i 1874 gav ut fyrste bandet av sine «Folkesagn» sette han til motto: Ogsaa paa Møre er endnu tilbage, Gjenlyd af Sagn fra hensvundne Dage. Han hadde byrja å samla desse «Sagn fra hensvundne Dage» alt tidleg i ungdomen. Det var meir det historiske enn det reint folkloristiske som fanga hugen hans. Han fôr rundt på Sunnmøre om sumrane «i den Hensigt at efterspore Mindesmærker». Han såg på gamle sogestader, samla fornsaker og skinnbrev og skreiv opp det folk hadde å fortelja om gamle dagar. Denne sjølv lærde mannen med sin sterke historiske sans minner mykje om sume lærde islenske bønder, som studerte dei gamle sogene og samla opplysningar om folk og ætter i heimegrendene.

Fyllings fyrste bok var «Historisk-antikvariske Bemærknin-ger over Borgunds Præstegjeld paa Søndmøre, samt Gidske-ætten», som kom ut i 1859. Men 2/3 av denne boka var skrivi alt i 1845 og prenta i Urda eit par år etter. I 1875 kom det ei ny utgåve «Bidrag til Borgunds ældre Historie». Same året kom «Bidrag til Vøe ældre Historie». 1884 gav han ut «Om Gaarden Blindheim paa Vigsøen, samt om tiretters Basketag paa Harham Aar 1015». Så skreiv han ymist som var rein personalhistorie («Forsøg til en søndmørsk Personalhistorie» 1875, «Giskeætten paa Søndmør» 1883). — Fylling hadde aldri fått nokor rettleiding eller oppskuling i historisk metode og historisk kritikk, og heller ikkje synest han å ha hatt nokor serleg stor kritisk evne. Det er difor fyrst og fremst det store tilfanget han samla som gjev bøkene hans varig verd (trass i ymse mistak). Og det som nok kjem til å halda oppe namnet hans framigjennom tidene er hans «Folkesagn».

Han byrja å gjeva ut segnene sine i bladet «Møringen» frå 1869 og utetter, og i «Aalesunds Blad for By og Bygd» 1873-74. Han samla desse bladstykkja saman og gav dei ut som serskind bok i 1874: «Folkesagn, samlede af Peder Fylling». Tre år etter kom «anden Del» som var vel så stor som fyrste. Desse samlingane inneheld segner av alle slag. Som ein kunne venta har han serleg lagt seg etter forteljingar om histo-riske personar og hendingar. Han fortel om kongar og embets-menn og bygdeoriginalar, om fantar og sjørøvarar, om uår og ulukker og farsotter, om sagbruk, om veiding i gamle dagar, om korleis gardar vart bygde o. s. b. Men også av segner om overnaturlige ting (mytiske segner) er det mykje, ja ein finn jamvel nokre verkelege eventyr i segnham (Kolbrennaren, Peik, Kjærasten i skogen). Mykje av dette er forvitneleg og verdfullt tilfang, og det finst fleire sjeldsynte og merkelege ting. Men Fylling hadde gjort ferdig manuskriptet til ei tredje samling «Folkesagn» av same slaget som dei to fyrste. Det er eit kvartheft på 126 sider. På titelbladet står «Folkesagn samlede af Peder Fylling. 1880»; men slutten har underskrifta: «Fyllinggaard d. 13 September 1882», så manuskriptet har fyrst då vorti heilt ferdig. På omslaget er skrivi: «Manuskript. Til Her Kandidat Moltke Moe. Kristiania». Av «Forord» ser ein at Fylling ville få det utgjevi, men det har ikkje vorti av før no. Norsk Folkeminnelag har, for å nytta Fyllings eigne ord «ikke Laget i Betænkning at udgive» denne tredje samlinga, så mykje meir som det er utgjevi etter måten lite med folkeminne frå Sunnmøre, og Fyllings andre Samlingar ikkje lenger er å få. Sumt av det har stort verd, t. d. det som skildrar tilhøvet mellom bøndene og embetsmennene, «Levninger fra Overtroens Dage», segnene om Olav den heilage, formingane av Polykrates-segni («Den overmodige Kone») m. m. Sumt kunne nok utan skade ha vori borte, men vi har funni det rettast og mest pietetsfullt å senda boka ut såleis som Fylling sjølv hadde tenkt seg at ho skulle vera.

Fylling seier i føreordet til fyrste samling: «Man vil se af selve Sagnene, at jeg har nedskrevet disse, netop som de bleve mig fortalte, tiden at jeg har villet iføre dem noget nymodens Klædebon, da jeg dertil savnede baade Villie og Evne». Desse orda viser klårt at Fylling ikkje har hatt større sans for folke-segnene som kunst; det er innhaldet som har interessert han. Når han seier at han har gjevi oss segnene «netop som de bleve mig fortalte», så ser han heilt bort frå målforma og stilen. Det er berre ein hende gong at han fortel noko på bygdemål, og hans bokmål er heller stivt og hjelpelaust. Han kan ikkje som Asbjørnsen berga den folkelege dåmen og friskleiken over i skriftmålet. Men når det gjeld innhaldet er alt pålitande. Det er berre av og til at ein ikkje greitt kan skilja mellom det han har etter munnleg fråsegn og det han har teki frå skriftlege kjelder. Fyllings bøker kan stundom

kjennast litt pedantiske, og smått og stort kan gå om einannan; men det er noko sjarmerande ved dei, for dei gjev oss mannen så heilt med hans usløkkjelege hug til å få greie på livet i gamle tider, med hans samhug og mothug, hans styrke og veikskap.

Endå så ufullkomen som Fyllings stil er, har vi gjevi ut manuskriptet såleis som det låg føre. I dei førre samlingane hans må nok einkvan ha retta på målbruket. Men det høyrer med til biletet av mannen og tida. To-tre stader var likevel setningsbyggnaden så ugrammatisk at det laut ei varsam omvøling til. I Fyllings rettskriving er det ymse mistak og inkonsekvensar; sumt av dette er det retta på, så det ikkje skulle vera til meins ved lesnaden, men trollformularane er prenta heilt bokstavrett.

Knut Liestøl.

FORORD

Min sidste Udgave af søndmørske Folkesagn, 2den Deel udkom Aar 1877, og modtoges med Interesse af det læsende Publicum i min Omgangskreds. Siden den Tid har jeg atter samlet nogle enkelte Sagn, samt nogle Tillæg til de allerede udgivne, baade i den første og anden Deel; og disse faa Sagn og Sagnstumper fager jeg ikke i Betænkning at udgive i nær-værende 3. Deel. Jeg nærer det samme Haab nu som tidligere, at denne lille Sagnsamling, vil modtages af mine Omgangs-fæller med samme Interesse, som mine førrige Udgaver. Flere af disse Sagn har været indtagne som Føljeton til Aalesunds Blad, men da dette Blad ei har mange Abonentere udover Landsbygden, har følgelig ikke mange Kjendskab til Sagnene, og hertil kommer, at en Avis, som oftest, ei har mange Levedage. Ledet af den Anskuelse, troede jeg, at det var i sin fulde rigtige Orden, at jeg lod Sagnene udgive i særskilt Bog, og lade dem offentliggjøre medens der er Tid, isteden for at jeg tager dem med mig i Graven, da det er usikkert om nogen vil gjenoptage dette Arbeide efter mig, før end Sagnene er uddøet af Egnens Folkemunde.

Peder Fylling.